

Referat frå foreldremøte 02.10.24

Ikkje alle kunne møta, men som sagt så kjem det referat.

Informasjon:

- På vekeplanen ligg det timeplan for kvar veke. Denne blir ofte oppdatert med hendingar, som om det er kroppsøving eller praktisk valfag, den kulturelle skulesekken eller anna. 8. og 9. klasse er saman i nesten alle timar, men 9. klasse har mat og helse på onsdagen, medan 8. klasse har norsk, tysk og matematikk.
- Vekeplanen blir publisert kvar måndag på Classroom og heimesida. Elevane får vekeplanen i papir på måndagen og han blir hengt opp på døra i klasserommet.
- Det har kome to nye lærarar på skulen. Kjell Valand er tysklærer og er òg med i nokre norsktimar. I tillegg har Sandra Åsemoen blitt lærar på mellomtrinnet.
- Elles er det lurt å følgja med på heimesida elles, og det går an å abonnera på nyheiter.
- Visma er i bruk som før. Her er de gode på å melde ifrå. Anna fråvær enn sjukdom og tannlege må det søkast om permisjon frå. Noko som er nytt, er at "anna" er fjerna som val når ein legg inn fråver i Visma. I følge dagens lovverk er ikkje dette gyldig fråversgrunn. Anna har jo ofte vore det som har blitt valt om ein skal vekk ei langhelg eller liknande. Hugs: Dette skal søkjast om i forkant, og per akkurat nå kan ein ikkje gjera dette frå mobil. Då må ein inn på nett.
- Årets TV-aksjon er 20. oktober. Her treng me 7 elevar som kan stilla som bøsseberarar.
- 8. og 9. klasse er i haust kritikarklasse i Uprisen, som er ungdommen si eiga kåring av årets ungdomsbok. Spør dei gjerne heime om bøker dei les på skulen. Her er det fokus på kritikk av bøker, ikkje leseglede.
- Tysdag 3. desember skal skulen på teatertur til Stavanger. Me skal sjå førestillinga Pinocchio. Det blir kjekt! Elevane blir seine heim denne dagen.
- Trafikktryggleiksplanen blei gjennomgått. Hugs å bruka parkering ved sida av grusbanen viss ein hentar elevar i skuletida.
- Hugs at elevane har fri torsdag og fredag i veke 44 på grunn av planleggingsdagar.
- Etter MOT har me ikkje hatt noko liknande program i ungdomsskulen, men me startar nå opp med Livet&sånn. Dette er for å arbeida med folkehelse og livsmestring. På heimesida til Livet&sånn finst det òg ein eigen foreldredel, med til dømes spørsmål som de kan diskutera med ungdommane dykkar heime.
- Etter haustferien kjem helsesjukepleiar Lena på besøk. Ho skal snakka om helse, kosthald, søvn og sånt.
- 8. og 9. klasse skal ha arbeidspraksis to dagar, 7. og 8. november. Dei står fritt til å velja kva type arbeid dei vil prøva ut. Ein av dagane er Operasjon Dagsverk, der dei skal arbeida for å tena pengar til eit godt føremål. Elevrådet har bestemt seg for å støtta Home of Bahati.
- 8. og 9. klasse er trivselsleiarar i år. Då får dei òg eit TL-kort, som gir rabatt/gode prisar fleire stader. Sjekk TL sine sider for oversikt. Mellom anna gratis inngang for TL på kampdag, så lenge det er ledige plasser.
- Anders er klassekontakt. Det er ikkje bestemt kven som er vara. Det bør vera ein representant for begge klassane (slik at begge klassar blir representerte i saker som gjeld dei).